

REFERAT

Styremøte i Silda Velforening (SiVe) 24/2-2018

På silda Grendahus

Tid: Kl.10.00

Tilstade: Tore Johansen, Unni Silden Hennøen, Paul Sundnes

Varemedl: vart ikkje kalla inn

SAKER:

1/18 Årmelding for året 2017 og rekneskap

Styret vurderte eit forslag til årsmelding.

Vedtak: Årsmeldinga vart vedtaka som styret si meling til Årsmøtet .

2/18 Rekneskapen for 2017

Balanse pr 31.12 vart tilfredstillande og medlemstalet har auka med ein person.

Styret bad Unni å levere rekneskapen til Kjell Rune Gangsø og Sindre Langlo, som på sist årsmøte vart valde til revisorar.

Styret vart samde om å sette opp rekneskapen med samanliknande tal for dei to siste åra og bad Unni gjere det.

Rekneskapen viser ein auke på utbetalte «Grasrotmiddel» frå Norsk tipping, med vel 1000 kr Flott

Vedtak:

Styret ser ingen grunn til at rekneskapen ikkje kan oversendast til Årsmøtet for godkjenning

3/18 Foreininga sin bank

DNB har vore Silda Velforening sin bank i fleire år. No har banken lagt ned sitt kontor i Måløy og hjelp til endingar m.m. har blitt vanskelegare. Styret drøfta saka.

Vedtak:

Kjell Rune Gangsøy og Unni Silden Hennøen får fullmakt til å flytter vår driftskonto til Sparebank Vest, med kontor i Måløy. Skiftet skjer så fort desse får ordna det.

4/18 Renovasjonsordninga på Silda

- a. Normil har lagt om innsamlingsordninga, med fleire fragment, får dette noko å bety for innsamlinga på Silda.??
- b. Glass/metall igloen er henta frå kai, kva skjer vidare
- c. SiVe var i oktober i kontak med medlem i styret som klaga på at kontainarane på Silda vart fyllt opp med ting som ikkje skal vere der: el.materell, møbelfragmen, isopor og glava m.m. Vi pressiserta at SiVe vil gjere det som er mogeleg for at ordninga kan fungere. Fekk tilbakemelding etter styremøte i Normil at saka vil bli teke opp 1. halvår 2018
- d. Normil må lage ein plakat som viser korleis restavfallsordning på Silda skal fungere.

Vedtak.

SiVe ventar på innspel frå Normil.

5/18, Valnemndssarbeid

Laget har slite med å få valnemndssarbeidet til fungere. Det har ofte vore i siste liten arbeid.

I 2017 vart det ikkje valdt valnemnd. Det vart eit stort problem å få på plass 5 til styret + 2 vara, som vedtekten krev. 3 godtok derfor attval, to nekta attval.

Dette må det bli ei endring på, elles vert laget lagt ned.

Det vart også drøfta litt omkring skeiv representasjon, der «fastbuande» ikkje er representert

Vedtak:

Styret var sammstemte i kravet om at styret for framtida må innha 5 medlemmar, 3 vert for lite. Styret fungere som valnemnd og fordeler arbeidet mellom seg.

Det sittande styret (på 3) tek attval for eit år, dersom det vert funne nok kandidater til å dekke krava i vedtekten, 5 + 2

(Paul tek kontakt med 3 som vart namngitt i styret, Tore kontaktar 2, Unni Kontakter 2)

6/18 Planlegging Årsmøte

Vedtak:

Årsmøtet vert på Silda Grendahus laurdag 31. mars (Påskeaftan) kl 15.00

Sakliste:

1. Årsmelding for driftsåret 2017
2. Godkjenning av rekneskapen for 2017
3. Informasjon om renovasjonsordning for Silda
4. Arealplan arbeidet for Silda – med havområda - skal no opp av skuffa. Vert det mogleg å få fullført kartarbeidet for stiane
5. Om sak 5 ikkje kjem i arbeid må SV ta kostnaden med utarbeiding av karta. Desse trengs for å lage kartplate for Silda (var også sak på årsmøtet 2017)
6. Planting av sommarplanter på Silda . Skal Silda Velforening halde fram med dette?? 4 – 5000 kr pr år
7. Val: av 5 til styret og minst 2 varamedlemer. Valnemnd har ikkje fungeret siste åra så styret har arbeidd med dette. Dei 3 som er i styret kan stille eit år til men vilkåret er at det vert før styremøtet skaffa minimum 7 kandidatar: 3(gjennval for 1 år)+ 2 for 2 år + 2 til vara.